



Endre Konglevoll  
Hønsedalen 63  
5912 SEIM

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/3371 - 19/5377

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
20.02.2019

## Avslag på søknad om redusert gebyr - gbnr 171/6 Seim

**Administrativt vedtak:** Saknr: 108/19

**Tiltakshavar:** Endre Konglevoll  
**Ansvarleg søkjar:** Knut Willie Jacobsen  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

### SAKSUTGREIING

Tiltakshavar Endre Konglevoll har i skriv journalført mottatt 12.02.2019 bedt om at kommunen vurderer storleiken på gebyret som er fakturert i samband handsaming av søknad om løyve til å riva våningshus på gbnr 171/6 på ny.

Det vart gjeve løyve til riving av våningshus på gbnr 171/6 i administrativt vedtak saknr. 054/19 datert 13.02.2019. I samsvar med Lindås kommune si gebyrforskrift for teknisk forvaltningsteneste vart det sendt ut gebyr på kr. 16 400,-. Gebyret for riving av bustadbygg går fram av punkt 10.2.1 i gebyrforskrifta.

I søknad om redusert gebyr står det:

*«Eg vil med dette klage på storleiken på gebyr for søknad om løyve til riving av våningshus på gnr 171 br 6 i Lindås kommune. Grunngeving for dette er følgjande:*

- 1. Mangel på hjelp frå kommunen si side ved utfylling av søknad.  
Iflg forvaltningslova §11 har kommunen rettleiingsplikt i slike saker.  
Eg fekk berre oppgjewe link til søknadsskjema,. Då eg forstod at utfylling krov meir kompetanse og fagkunnskap enn eg har, bad eg om hjelp til korleis alle skjema skulle fyllast ut. Svaret eg fekk var då negativt, og eg måtte sjølv henta inn fagleg hjelp utifrå for å få søknadane utfylt.  
Eg tolkar forvaltningslova slik at tenestepersonar i kommunen har plikt til å hjelpa*



*innbyggjarane når dei bed om det. Når ein ikkje får den hjelpa ein treng, kan ikkje kommunen krevja gebyr for eit arbeid dei ikkje har gjort slik dei skal etter lova.*

2. Våningshuset skal nyttast av brannvernet til øving.

*Denne saka gjeld eit gammalt hus som brannvernet får nytta til øving. Me veit alle at brannvernet vårt er avhengig av tilgang til bygningsmasse der dei kan få trena på ulike scenarier. På den måten får dei erfaring og kompetanse som kjem alle i kommunen til nytte .*

*Når eg stiller bygningsmasse til rådvelde for brannvernet, og på den måten er med å dekkja brannvernet sitt behov for øving, vert dette eit tiltak med allmenn nytte. Dette bør vera med når kommunen fastset gebyret for å sakshandsama søknaden.*

3. Tidsbruken kommunen har hatt på å handsama denne søknaden.

*Kommunen har fått alle opplysningar, og har ikkje måtta bruka tid på sjølv å innhenta dokument i saka. Ut frå dette kan ikkje tidsbruken til kommunen vera stor. Storleiken på gebyret verkar ut frå dette urimeleg.*

*Eg ber kommunen vurdera storleiken på gebyret i faktura 50000922 på nytt.»*

## **VURDERING**

Gebyret som er fakturert i saka er gjeve med heimel i gebyr- og betalingsstatsane som gjeld for Lindås kommune. Gebyrforskrifta er vedtatt av kommunestyret 14.12.2017 for Lindås kommune for 2018.

I gebyrforskrifta punkt 4.9 står det:

*«Når særlege grunnar ligg føre kan det søkjast om redusert gebyr. Søknad om redusert gebyr skal være grunngeven. Personlege og/eller sosiale tilhøve vert ikkje rekna som særleg grunn. Når kommunen sitt arbeid med ein sak avviker vesentleg frå gjennomsnittleg sakshandsamingstid for sakstypen kan kommunen av eige initiativ redusere gebyret. Fastsetting av redusert gebyret skal skje ved enkeltvedtak.»*

Ordlyden særlege grunnar tilseier at det må liggja føre grunnar som gjer seg særskilt gjeldande i denne saka og at det ikkje er grunnar som normalt kan leggjast til grunn i tilsvarande saker.

Søknaden er grunnlagt i manglande hjelp frå kommunen til utfylling av søknaden, at våningshuset skal nyttast til øving for brannvernet og tida kommunen har brukt på å handsama søknaden.

Det har ikkje vore knytt rettsleg eller faktisk tvil til å fastslå kva gebyr som skal betalast i saka og det er ikkje utøvd skjønsmessige vurderingar i samband med gebyrfastsetjinga. Gebyrregulativet er vedtatt med bakgrunn i gjennomsnittlege kostnader knytt til den enkelte sakstype. Kommunen kan ikkje sjå at grunngevinga i søknaden gjev grunnlag for redusert gebyr.

Det forhold at tiltakshavar måtte innhenta fagleg hjelp til utfylling av søknaden følgjer av plan- og bygningslova § 20-1, jf. § 20-3. Riving av bustad er eit søknadspliktig tiltak som krev bruk av ansvarlege føretak. Ansvarleg søkjar er tiltakshavar sin representant overfor kommunen og har ansvar for at søknaden inneheld nødvendige opplysningar slik at kommunen kan ta stilling til om tiltaket er i samsvar med bestemmelsar og løyve gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf pbl. § 23-4.

Gebyret som er fastsett skal dekke kommunen sine gjennomsnittskostnader knytt til handsaming av ein søknad som er fullstendig tilrettelagt frå søkjar si side, jf. punkt 4.3 i gebyrregulativet. At våningshuset vert rive gjennom brannøving for det kommunale brannvernet får inga verknad for gebyret som er fakturert for sakshandsaminga. Det same vil gjelda i forhold til at kommunen ikkje har måtte bruka tid på å innhenta opplysningar sjølv, då dette er ein føresetnad i regelverket.

Det er ingen spesielle forhold i denne saka som skil den frå andre saker der det er søkt om å riva tilsvarande type bygg med tilsvarande bruk. Det vil undergrava gebyrregulativet dersom gebyr vert redusert i einskildsaker der grunngevinga for reduksjonen også vil kunne gjera seg gjeldande i andre saker.

På bakgrunn av dette kan vi ikkje sjå at det er lagt fram grunnar som tilseier at gebyret bør reduserast i denne saka.

## **VEDTAK**

**Det ligg ikkje føre særlege grunnar for å redusere gebyret, jf. i Lindås kommune si gebyrforskrift punkt 4.9. Søknad om reduksjon av gebyret vert avslått.**

**Grunngeving går fram av saksutgreiinga.**

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.:**

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Kopi til:**

Endre Konglevoll

Hønsedalen 63 5912

SEIM

**Mottakarar:**  
Endre Konglevoll

Hønsedalen 63 5912

SEIM